



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Kritisk diskursanalyse av utdrag frå «Temahefte om menn i barnehagen» i eit mangfaldsperspektiv

A critical discourse analysis of excerpts from the booklet «Temahefte om menn i barnehagen» with a diversity perspective

Kandidatnummer 213

BLUBACH

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærarutdanning

Rettleiar: Hanne Blaafalk

Innleveringsfrist: 31.05.2021

Antal ord: 9163

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Abstract

Title: A critical discourse analysis of the booklet «Temahefte om menn i barnehagen» with a diversity perspective.

Language helps to maintain a balance of power in society, this also applies to kindergarten. Reality is characterized by power and opinions that manifest themselves through discourses. By identifying these discourses, one gets an opportunity to criticize them. This thesis has looked at how an excerpt from "Temahefte om menn i barnehagen " can help to naturalize and promote what thoughts one has about the argument for more men in kindergarten. As a public, kindergarten-related document, the theme booklet is leading for gender equality work in the kindergarten.

Fairclough's three-dimensional model is here used to analyze the booklet at three levels; social events, social practices and social structure. As it is understood in this thesis, the diversity argument for more men in kindergarten is strongly linked to gender and an understanding of men and women as different with complementary characteristics. When the gender of the employees is relevant in itself, the content of the pedagogy may become irrelevant.

The analysis and discussion testify to an asymmetric power relationship between recipient and text creator. The theme booklet is characterized by the text creator's view of reality and the current discourses on gender equality. In this way, the theme booklet can help to form a common picture of reality for all employees in the kindergarten. At the same time, the theme booklet can also have a power-critical role. This can be achieved by giving the kindergarten staff the opportunity to think about, discuss, assess and see the arguments for more men in the kindergarten in an alternative perspective.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	4
1.1 Oppgåvestruktur og problemstilling.....	4
1.2 Presentasjon og bakgrunn for val av tema	5
1.3 Avgrensing og utval.....	5
2.0 Omgrepsavklaring	6
2.1 Mangfald	6
2.2 Kjønn.....	6
2.3 Likestilling	6
2.4 Diskurs	7
2.5 Omgrep knytt til tekstanalysen.....	7
3.0 Teorigrunnlag	8
3.1 Likestillingsdiskursar	8
3.2 Menn i barnehagen: likestilling og mangfaldsargumentasjon.....	10
3.3 Bourdieu: habitus, kulturell kapital og sosialt felt	11
4.0 Metode.....	13
4.1 Kritisk diskursanalyse	13
4.2 Faircloughs tredimensjonale modell	14
4.3 Validitet og reliabilitet.....	15
4.4 Ethiske retningslinjer.....	15
5.0 Analyse og funn.....	16
5.1 Sosiale hendingar	16
5.2 Sosial praksis.....	18
5.3 Sosial struktur.....	19
6.0 Drøfting	20
6.1 Sosiale hendingar	21
6.2 Sosial praksis.....	22
6.3 Sosial struktur.....	24
7.0 Oppsummering	25
Litteraturliste	28

1.0 Innleiing

Språk er med på å produsere og reprodusere sosiale forhold. Gjennom å kombinere analysereiskap frå lingvistikken og teoretiske perspektiv frå samfunnsvitskapen ynskjer eg å sjå på korleis språket bidreg til å oppretthalde maktforhold i samfunnet, og særskilt i barnehagen (Skrede, 2017, s. 11). Innan samfunnsvitskapen forhold ein seg til ei røynd som er prega av makt og meiningar. Denne røynda kan vere kritikkverdig, og difor skal ein som forskar identifisere, dokumentere og kritisere faktiske empiriske forhold (Kalleberg i Skrede 2017, s. 12). Til forskjell frå diskursstudiar i generell forstand, er denne kritiske diskursanalysa problemorientert. Den mest effektive forma for makt er å få andre til å ynskje seg det same som deg sjølv, og det kan ein gjere gjennom å kontrollere andre sine tankar og begjær (Lukes i Skrede, 2017, s.29). Målet med denne oppgåva er å sjå på korleis utdrag frå «Temaheftet om menn i barnehagen» kan vere med på å naturalisere og fremje kva tankar ein har kring argumentasjonen for fleire menn i barnehagen. Eg nyttar metoden kritisk diskursanalyse og har teke utgangspunkt i Fairclough sin tredimensjonale modell i analysearbeidet.

Dette gjer eg for å:

- 1) Synleggjere likestillingsdiskursar i barnehagen
- 2) Få innblikk i relasjonen mellom desse diskursane og samfunnet rundt, med fokus på rammeplanen som styringsdokument for barnehagen

Som eit supplement har eg valt å nytte Bourdieu sine omgrep habitus, kulturell kapital og sosialt felt for å få eit større innblikk i relasjonen mellom diskurs og samfunn i drøftinga.

1.1 Oppgåvestruktur og problemstilling

Den overordna problemstillinga for denne kritiske diskursanalysa er: «Kva føringar legg offentlege, barnehagefaglege, dokument for likestillingsarbeidet i barnehagen?». Oppgåva er delt inn i teori, metode, analyse- og drøftingsdel. I teoridelen kjem det først ei omgrepsavklaring der eg gjer greie for omgrepa mangfald, diskurs, kjønn og likestilling. Etter det vert teori knytt til tema likestilling frå Nordberg (2005), Askland & Rossholt (2009), Kasin & Slåtten (2015) og Bourdieu sin praksisteori presentert. I metoddelen vil eg gjere greie for kritisk diskursanalyse, Fairclough sin tredimensjonale modell samt seie noko om validitet, reabilitet og etiske retningslinjer. I analysedelen analyserer eg temahefte om menn i barnehagen ut i frå Fairclough sine tre nivå;

sosiale hendingar, sosial praksis og sosial struktur. Drøftinga nyttar óg desse tre nivåa. Til slutt kjem ei oppsummering.

1.2 Presentasjon og bakgrunn for val av tema

I Noreg er det 11.514 menn tilsett i barnehagane mot 85.230 kvinner (Statistisk sentralbyrå, 2019). Det betyr at 91,1% av alle tilsette i barnehagen er kvinner. I mine praksisperiodar som barnehagelærarstudent har eg utan unntak opplevd å kome til personalgrupper med stor kjønnsubalanse. Eg har i desse praksisperiodane observert at menn vert oppfordra til å vere ute å leike med barna framfor å rydde, hørt myter om at menn ikkje er like omsorgsfulle som kvinner og sett at menn blir plassert på ein pidestall og applaudert for å ordne opp i barnehagen. Dette har gjort meg nyfiken på temaet likestilling i barnehagen.

Gjennom media blir ein eksponert for titlar som «Menn i barnehage gir flinkere skolebarn» (Forskning.no, 2018), «JA til flere menn i barnehagen!» (Fagervold, 2016), og «Flere mannlige ansatte er best for barna» (Enghaug & Elveos, 2018). Løysinga verkar gjennom media å vere enkel; får ein fleire menn inn i barnehagen vil både personalet og barna tene på det. Dette har gjort meg nyfiken på kva den faglege argumentasjonen for fleire menn i barnehagen er. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg fått større innsikt i den kompliserte og til tider unyanserte likestillingsdebatten i samfunnet, og særskilt det som angår barnehagefeltet.

1.3 Avgrensing og utval

Skrede (2017) viser til at ein kan håndtere store datamengder på minst to måtar. Ein måte å gjere det på er å velge ut eit mindre antall eksemplar frå moderteksten. Då må ein velge ut sitat som er representative for hovudtendensane i dokumentet (Skrede, 2017, s.161). Eg har valt å gjere ei analyse der eg tek utgangspunkt i den tredimensjonale modellen til Fairclough, og har avgrensa meg til å analysere avsnittet om mangfald i temaheftet. Eg har valgt ut dette avsnittet då større mangfald er eit argument som etter mi oppfatning går igjen i argumentasjonen for fleire menn i barnehagen. I ei diskursanalyse er ein på jakt etter å sjå maktstrukturar, og dei kan ikkje fangast om ein berre har blikket på verda her og no (Hammer, 2017, s. 17). Difor har eg valt å sjå på dette temaheftet sjølv om det vart utgitt i 2006. Temaheftet ligg fortsatt tilgjengleg på internett og truleg er det fortsatt barnehagar som nyttar seg av temaheftet som inspirasjon i det pedagogiske arbeidet.

2.0 Omgrepsavklaring

Eg vil her gjere greie for kva forståing av omgrepa mangfald, kjønn, likestilling og diskurs eg har lagt til grunn i denne oppgåva. Eg vil óg gjere greie for omgrepa modalitet, norminalisering, intertekstualitet og antagelsar som vert nytta i tekstanalysen ein finn under punkt 5.1 Sosiale hendingar.

2.1 Mangfald

Mangfald handlar om skilnader eller korleis noko er sett saman (Larsen & Slåtten, 2019, s. 51). Omgrepet peikar mot variasjon og heterogenitet. I samfunnsvitskapleg samanheng tenkjer ein på at det er mennesker som er forskjellige. Desse skilnadane kan handle om sosial klasse, utdanning, inntekt, kultur, etnisitet, religion, kjønn, seksuell orientering, funksjonsnivå, alder eller ansiennitet (Larsen & Slåtten, 2019, s. 51). I barnehagen sitt verdigrunnlag finn ein at barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal sjå mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet, og støtte, styrke og følge opp barna ut frå deira eigne kulturelle og individuelle føresetnader (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Verdiane som barnehagen byggjer på er basert på verdiane i grunnlova og gjeld alle barnehagar, både private og offentlege. Verdiane i lova gjeld omsorg, leik, læring og danning i kvardagen, dei vaksne sin veremåte og arbeid med fagområda. Som barnehagelærer må ein vise lojalitet til dei verdiane samfunnet har valt som basis for verksemda (Thoresen, 2015, s. 29).

2.2 Kjønn

Ein skil ofte mellom biologisk og sosialt kjønn. At kvinner og menn er biologisk forskjellige er ikkje eit område som har fått særleg fokus innanfor samfunnsvitskapen (Larsen & Slåtten, 2019, s. 65). Det som er meir interessant er kva som ligg i det sosiale kjønn. Med det sosiale kjønn meiner ein kjønsskilnader som er skapt sosialt, altså åtferd og eigenskapar som blir bestemt i interaksjon mellom individ og omverda (Larsen & Slåtten, 2019, s. 66). Det betyr ikkje at alle kvinner er like eller at alle menn er like (Larsen & Slåtten, 2019, s. 66).

2.3 Likestilling

Likestilling handlar om at menn og kvinner skal ha like moglegheiter, like rettigheter og verte behandla likt. Omgrepet si tydning vil variere for ulike mennesker på bakgrunn av erfaring og oppvekst, det kan vere personen sin alder, etnisitet og ikkje minst kjønn (Emilsen, 2015, s. 22). I denne oppgåva er det særleg kjønnslikestilling som er interessant å sjå nærare på.

Kjønnslikestilling handlar om å bryte ned kjønnsbasert maktordning, kjønnsbasert arbeidsdeling og tradisjonelle kjønnsstereotypiar (Larsen & Slåtten, 2019, s. 76). Dette bygger på ei oppfatning om at kvinner og menn har ulike moglegheiter og begrensingar. Difor er det naudsynt med tiltak på mange nivå for å kompensere eller viske ut desse forskjellane (Askland, 2015, s.14). Barnehagen skal bygge verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barn møter og skaper eit likestilt samfunn. Personalet må reflektere over eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling (KD, 2017, s. 10).

2.4 Diskurs

Ein diskurs er eit sett med omgrep, problemstillingar og formuleringar som ligg nedfelt i språket og er ein del av ein gitt kultur (Askland & Rossholt, 2009, s.47). Diskursar handlar om korleis ein snakkar om noko på. Diskursomgrepet refererer ikkje berre til språket, men og til sosiale praksisar. Diskursive praksisar konstituerer til dømes maskulinitet og feminitet i vårt samfunn (Askland & Rossholt, 2009, s. 52). Diskursane utgjer óg ein maktfaktor sidan dei har definisjonsmakt (Larsen & Slåtten, 2019, s.70). Nokre diskursar vert oppfatta som sannheiter og så stabile at dei let seg forske på. Kjønn er eit døme på ein slik relativ stabil tankestruktur som er vanskeleg, men likevel mogleg, å forske på (Askland & Rossholt, 2009, s.47).

2.5 Omgrep knytt til tekstanalysen

Modalitet handlar om korleis ein tekst legg fram eit budskap på. Ein skil mellom fire hovudtypar; påstandar, spørsmål, beordring og tilbod (Skrede, 2017, s. 49). Modalitet sjåast på som talaren sin måte å utrykke fakta eller haldningar på. Typiske modalitetsmarkørar er modale verb som til dømes kan, vil, må, bør, skal (Skrede, 2017, s.51). I ei diskursanalyse kan desse modalitetsmarkørane gje verdifull innsikt i kva kunnskap som blir ansett for å vere sann og gyldig. I Rammeplan for barnehagar (2017) er modaliteten *skal* mykje brukt og legg såleis føringar for kva haldningar tilsette i barnehagen skal ha i det pedagogiske arbeidet.

Norminalisering er ein type grammatiske metaforar som syner prosessar i samfunnet som ting eller einingar framfor prosessar (Skrede, 2017, s.48). Ein nyttar norminalisering for å skjule ansvar og aktørar, eller for å dreie ei framstilling i ei bestemt retning (Skrede, 2017, s. 49). Eit døme kan vere «barns medverknad» som ofte vert norminalisert, sjølv om barns medverknad er ein prosess og ikkje ein ting.

Intertekstualitet er når ein trekk på andre tekstar utan at desse har eit kjent tekstuel opphav. Lite

intertekstualitet tydar på stabilitet, medan mykje intertekstualitet indikerer at feltet er i endring (Skrede, 2017, s. 53). Når ein snakkar om intertekstualitet kan det óg vere relevant å sjå etter manifest intertekstualitet som handlar om bruk av referanser i ein tekst (Skrede, 2017, s. 52). I Rammeplan for barnehagar (2017) ser ein lite bruk av intertekstualitet som kan indikere stabilitet i oppfatningane som vert presentert der.

Antagelsar er noko alle nyttar dagleg. I motsetjing til intertekstualitet som synleggjer forskjellar ved å invitere andre inn i eigen tekst, kan ein utjamne forskjellar ved å anta eit felles verdigrunnlag (Skrede, 2017, s. 55). I den kritiske diskursanalysen er det nyttig å sjå etter antagelsar om kva som finnast, og antagelsar om kva som er godt eller ynskjeleg (Skrede, 2017, s. 56). I Rammeplan for barnehagar (2017) har ein eit kapittel om barnehagen sitt verdigrunnlag der ein legg føringar for kva ein skal anta er godt og ynskjeleg. Til dømes at: «barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barn sin utvikling» (KD, 2017, s. 7).

3.0 Teorigrunnlag

Teoridelen av denne oppgåva er knytt opp mot teoriar som er relevante for å kunne svare på problemstillinga. Nordberg (2005) sine likestillingsdiskursar er valt ut då det i denne bacheloroppgåva ikkje vart rom for å gjere analysar for å identifisere diskursane sjølve. Askland & Rossholt (2009) og Kasin & Slåtten (2015) sine funn om likestilling og mangfaldsargumentasjon er valt ut for å knytte oppgåva til praksis. For å sette diskursanalysa inn i ein større sosial samanheng er Bourdieu sine omgrep habitus, kulturell kapital og sosialt felt nytta.

3.1 Likestillingsdiskursar

Nordberg (2005) i Kunnskapsdepartementet (2010) sin *Statusrapport fra Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnsopplæring (2008-2010)* presenterer tre ulike likestillingsdiskursar: 1) likestilling som likskap, 2) likestilling som utjamning av maktforskjellar og 3) likestilling som særmerkje. Diskursar er flytande og er heile tida i endring. Det betyr at diskursane Nordberg viser til ikkje erstattar kvarandre, men eksisterar om kvarandre og i dagens likestillingstenking (KD, 2010, s. 20).

1) Likestilling som likskap

Denne likestillingsdiskursen dominerte på 70-talet. Likskap mellom kjønn er sentralt og det forventast at menn og kvinner går inn på kvarandre sine områder (Nordberg i KD, 2010, s. 20).

Tradisjonelle kjønnsmonster vert erstatta av nye der menn og kvinner gjer det same, og kor menn og kvinner ikkje er komplementære kategoriar. Kva kjønn ein tilhøyrer har ingen relevans for kva menn og kvinner kan, skal og vil gjere (Nordberg i KD, 2010, s. 20). På 70- og 80-talet vart det arbeida mykje med kjønnsdelte grupper i barnehagen. Ein ville synleggjere jentene meir, og gje gutane moglegheit til å vise nærleik og omsorg i større grad (Askland & Rossholt, 2009, s. 56).

2) Likestilling som utjamning av maktforskjellar

Innhaldet i denne diskursen koplast til ei endring i likestillingspolitikken der ein ser på den mannlege dominansen i samfunnet. Det som vert sett på som eit kvinneleg særmerkje vert løfta fram som ein kvinneleg kulturell underordning som knytast til den mannlege dominansen (Nordberg i KD, 2010, s. 20). Kvinner sitt behov for ekstra innsats merkast, og likestilling blir ei kvinnesak som byggjer på at alle kvinner har noko til felles. Menn vert oppfatta som ei hindring for likestilling (Nordberg i KD, 2010, s. 20). Ein diskusjon som kan trekkjast inn her er debatten i media om feminisering av barnehagen, og om rekruttering av menn til omsorgsyрker. Debatten handlar sjeldan om kva verdiar barnehagen skal formidle, men byggjer heller på eit verdisyn der ein automatisk koplar biologisk kjønn til sosialt kjønn. Menn og kvinner representerer ikkje verdiar på grunnlag av sitt menneskesyn, men på grunnlag av eit bestemt syn knytt til biologisk kjønn (Askland & Rossholt, 2009, s. 59-60).

3) Likestilling som særmerkje

Denne diskursen framstår som leiande frå 1990-talet og framover, og byggjer på eit positivt syn på særmerkje der det ikkje er statuskilje mellom kjønna (Nordberg i KD, 2010, s. 21). Maktforhaldet mellom kjønna tonast ned, og ein tenkjer at det finnast ein kulturell og kroppsleg forankra komplementær mannlegdom og kvinnelegheit (Nordberg i KD, 2010, s. 21). Ein ser på individet sitt særmerkje gjennom diskursar om mangfald, og ulikskap i eigenskapar og interesser vurderast som positivt. Mangfaldet reduserast likevel til to motsette kjønn som forventast å ha komplementære eigenskapar. Nordberg (2010) påpeiker at ein i samfunnet kan sjå ei uro for at kjønnskategoriane skal verte oppløyst slik at individa vert for like (s. 21). Når kvinner vel å verte barnehagelærarar vel dei tradisjonelt i motsetjing til menn. Ofte kan det vere slik at menn må forsvare sitt yrkesval og argumentere for at dei likevel representerer dei tradisjonelle maskuline verdiane (Askland & Rossholt, 2009, s. 55).

3.2 Menn i barnehagen: likestilling og mangfaldsargumentasjon

I debatten om likestilling i barnehagen kan ein finne ulike argument for kvifor ein skal ha fleire menn inn i barnehagen. Kva argument ein nyttar varierar ut i frå kva nivå ein ser likestilling på. Askland (2015) skil likestilling opp i makro- og mikronivå. Makronivået handlar om ulike institusjonelle konstruksjonar, til dømes politikk, kultur eller religion. Endringar som skjer på dette nivået er vanlegvis resultat av langvarige organisatoriske og politiske prosessar. Mikronivået handlar om samhandling og relasjonar. På dette nivået kan den enkelte utgjere store forskjellar i kvardagen (Askland, 2015, s. 15). Askland & Rossholt (2009) viser til tre ulike måtar å sjå likestilling på:

- 1) Eigentleg er vi like, ulikskap mellom kvinner og menn er politisk skapt, og denne ulikskapen må ein angripe politisk (sosialt kjønn)
- 2) Eigentleg er vi ulike, kvinner og menn er polariteter, men lev i eit fellesskap der kvart kjønn skal ha likeverdige forhold (biologisk kjønn)
- 3) Vi er like og ulike, menn og kvinner utgjere ein komplementær relasjon som til saman utgjere mennesket som art (Askland & Rossholt, 2009, s. 87)

Desse måtane å sjå likestilling på ser ein att i Kasin og Slåtten (2015) sin artikkel *Likestilt eller forskjellig? Om menn og likestilling i barnehagen*. Dei nyttar i analysa si samfunns-, institusjon- og individnivå for å syne korleis fleire menn i barnehagen kan verte forstått som eit likestillingsfremjande tiltak. På samfunnsnivå kan fleire menn i barnehagen sjåast på som ein del av ein liberal politikk for å fremje like rettigheter og moglegheiter for yrkesdeltaking. På institusjonsnivå kan likestilling handle om å utvikle eit bestemt innhald i pedagogikken knytt til likestilling. På individnivå kan likestilling handle om konkret praksis som overskrid stereotyp kjønnsforståing, og gjennom dette gir barn like moglegheiter på tvers av kjønnskiljer (Kasin & Slåtten, 2015, s.2).

I artikkelen *Likestilt eller forskjellig?* finn ein to former for argumentasjon knytt til mangfald som syner ulik tilnærming til kjønn og likestilling. Ein argumenterar enten for at ein treng likare representasjon av kjønn fordi menn og kvinner er forskjellige, eller fordi ein vil overskride kjønnskiljer og framheve individuelle skilnader på tvers av kjønn (Kasin & Slåtten, 2015, s. 3). Desse to formene for argumentasjon kan ein synleggjere gjennom sitat henta frå intervjuet i artikkelen:

Argumentasjon 1) Menn og kvinner er forskjellige:

Ja, likestilling, men da tenker jeg nok videre enn bare menn, det å få flere menn. Jeg tenker på jenter og gutter og det å være forskjellig, jeg tenker veldig mot mangfold da (Kasin & Slåtten, 2011, s.7).

Argumentasjon 2) Overskride kjønnskiljer:

Så vi har jobba mye med dette og jeg tenker at det er viktig for våre barnehager at det er en god kjønnsbalanse, men det handler ikke bare om at vi skal ha inn menn som skal representerer den tradisjonelle mannsrollen, sånn macho, vi trenger det også. Men det skal være et mangfold blant de ansatte som gjør at de kan komme inn med sine ulike egenskaper, verdier og erfaringer og bidra inn det arbeidet vi skal gjøre (Kasin & Slåtten, 2011, s.8).

Kasin & Slåtten hevdar i artikkelen at mangfold skapast på individnivå, at det er forskjellar på individ, og ikkje først og fremst forskjellar mellom menn og kvinner (Kasin & Slåtten, 2015, s.13). Hovudargumentet for ei betre kjønnsfordeling blant personalet i barnehagen er å gjere mangfaldet rikare i det oppvekstmiljøet som vert tilbydd i barnehagen (Askland, 2015, s.56). Det hovudargumentet syner diskursen om likestilling som særmerkje som kan hevdast å vere den rådande diskursen i barnehagen i dag.

3.3 Bourdieu: habitus, kulturell kapital og sosialt felt

I analyse- og drøftingsdelen av denne oppgåva ynskjer eg å sjå på likestillingsdiskursane i eit større samfunnsperspektiv. For å gjere det har eg valt å nytte Bourdieu sin praksisteori som hjelpemiddel. Det som kjenneteiknar kultursosiologen Pierre Bourdieu (1932-2002) si forskning er kva tankar han hadde om kva teori er. Bourdieu meinte at teori er ein måte å skildre praksiser på, og er difor svært interessant innanfor yrkespedagogikken (Tarrou, 2011, s. 123). Tre sentrale omgrep i Bourdieu sine teoriar er habitus, kulturell kapital og sosialt felt. Desse omgrepa kan fungere som eit grunnlag for tolkning av tekst (Tarrou, 2011, s. 123).

Habitus er eit omgrep Bourdieu nyttar for å skildre ein veremåte hos enkelt individ eller grupper av individ. Han ynskjer å fange kompleksiteten i eit samansatt system av tankar, kjensler og handlingar, og på den måten avskaffe dualismen mellom det bevisste og det ubevisste (Tarrou, 2011, s. 125). Habitus er ein dimensjon eller ein tilbøygelighet til å handle på bestemte måtar i samsvar med kjenslemessige instillingar, tankemessige vanar og i form av kroppsleggjorte reaksjonsmønster (Tarrou, 2011, s. 125). Difor vert både individet og gruppa sin habitus styrande for kva slags praksis ein utfører (Tarrou, 2011, s. 125). Innan barnehagefeltet er taus kunnskap eit

døme på dei tilsette sin habitus. Dette kan vere kunnskap ein får gjennom yrket sitt som ein ikkje finn at i lærebøker eller arbeidsbeskrivingar, men som likevel er styrande for praksisen i barnehagen.

Bourdieu definerar kapital som «det som gir innflytelse på eit felt» (Veum, 2011, s. 155). Kulturell kapital er ein av dei tre kapitaltypene som Bourdieu opererer med (Tarrow, 2011, s.125). Kulturell kapital er noko både individ og grupper tilegnar seg i tankar, kjensler og handling. Det kan ein gjere gjennom til dømes utdanning, praktisk arbeid eller livserfaring (Tarrow, 2011, s.125). Ulike sosiale grupper kjenner att dei menneska, eller institusjonane, som er berarar av kulturell kapital og anser dei som verdifulle (Tarrow, 2011, s. 125). Som eit døme vil dei ulike personane i barnehagen inneha ulik kapital, og det vil vere naturleg å anta at ein styrar sit på meir kulturell kapital enn assistentar, fagarbeidarar eller barnehagelærarar.

Sosialt felt er eit system av relasjonar mellom posisjonar som føreset spesialiserte individ og institusjonar som Bourdieu kallar agentar. Desse handlar innanfor eit verdihierarki i samfunnet, og fungerer som interessenter som strir om noko som er felles for dei på feltet (Tarrow, 2011, s. 126). Dette kan til dømes vere individ som er tilsett i bestemte posisjonar som er forankra i visse former for makt, innflytelse eller kapital (Tarrow, 2011, s. 126). Eit anna kjenneteikn på eit sosialt felt er at det ikkje kan eksistere utan ein viss grad av autonomi, altså symbolske gevinstar som tildelast gjennom dei posisjonane agentane er gitt innanfor feltet (Tarrow, 2011, s. 126). Autonomi er eit av kjenneteikna på ein profesjon, dette gjeld óg for barnehagelærararprofesjonen (Thoresen, 2015, s. 70). I det sosiale feltet vil ein oppleve konflikter når agentane prøver å forsvare eller forbetre posisjonen sin (Veum, 2011, s. 155). Bourdieu presenterer to strategiar for å skaffe seg kapital; enten å tilegne seg mest mogleg av den gjeldande kapitalen i feltet, eller ved å prøve å redefinere kva som vert sett på som kapital.

Bourdieu hevdar at det sosiale feltet er basert på ei systematisk skeivfordeling av kapital (Veum, 2011, s.156). Men kvifor finn undertrykte og dominerte grupper seg så tilsynelatande lett i sin vanskelege og urettferdige posisjon? Dette er eit paradoks for Bourdieu. Svaret handlar om at ulikskap og urettsemje vert tildekkja gjennom dei måtane ein klassifiserer og forstår røynda på i følge Bourdieu (Veum, 2011, s.158). Den makta som dominerande grupper utøver gjennom å klassifisere verda på, måtar som dekkar til og naturaliserer vilkårlege privilegium, kallar han for symbolsk makt (Veum, 2011, s. 158). I barnehagen er det ein innebygd autoritetsstruktur. Det er strukturell makt i personalet, i det faglege hierarkiet, men og i arkitektur, dagsrytme, rammeplan

og årsplan, rutinar eller reglar. Med makt føl det óg ansvar. I barnehagen er det eit einssidig ansvar, som først og fremst barnehagelæraren har, for å ivareta barnet og handle til barnet sitt beste (Thoresen, 2015, s. 134-135).

4.0 Metode

Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel for å løyse problem og kome fram til ny kunnskap (Dalland, 2012, s. 111). Vi skil mellom kvalitative og kvantitative metodar. Den kvalitative metoden tek utgangspunkt i tekst, lyd eller bilete, medan den kvantitative metoden tek utgangspunkt i tal (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 19). Den kvalitative metoden handlar om å fange opp og tolke menneskelege meiningar og opplevingar, og hentast gjennom observasjon eller intervju (Dalland, 2012, s. 112). Den kvantitative metoden er målbar og uttrykkast ofte i ein tabell, figurar eller statiske mål (Dalland, 2012, s. 112). I denne oppgåva har eg nytta den kvalitative metoden kritisk diskursanalyse.

4.1 Kritisk diskursanalyse

Språk er med på å produsere og reprodusere sosiale forhold, og spelar ei viktig rolle knytt til reproduksjon av sosial ulikskap (Skrede, 2017, s.11). Diskursive praksisar skapast i barnehagen som ei form for normaliseringsmakt personalet og foreldra i liten grad sett spørsmålsteikn ved. For å bryte opp kva førestillingar ein har til diskursen om likestilling i barnehagen må ein synleggjere diskursane. Dette kan ein gjer ved å nytte ei diskursanalyse (Askland & Rossholt, 2009, s.92). Å analysere ein diskurs er å analysere korleis tekstar forhold seg til kvarandre og samla sett skaper ei røyndsforståing. Det er ikkje noko mål å avdekke røynda eller finne ut kva folk eigentleg meiner når dei uttaler seg, men å analysere diskursen i seg sjølv (Ramslien, Gitlestad & Håndlykken, 2004). Diskursanalyse er meir enn ein metode, det er óg ein analysestrategi (Hammer, 2017, s. 94). Å analysere diskursar er ikkje å omgjere alt til språk, men å studere korleis utsagn oppstår og inngår i dynamiske prosessar der røynda formast og transformerast (Hammer, 2017, s. 95). Det er altså samspelet mellom det vi seier og det vi gjer, samt det vi gjer det med eller ved hjelp av, som er i fokus (Hammer, 2017, s. 96).


Ei retning innanfor diskursanalysen er den kritiske diskursanalysen. Kritisk diskursanalyse er meir eit rammeverk enn ein metode då den består av mange ulike tilnærmingar og variantar (Veum, 2008, s. 118). Ein grunntanke innan retninga er at språk aldri kan vere eit nøytralt medium då brukaren har sitt perspektiv på verda (Grue, 2021). Hypotesa er at språkbruk kan oppretthalde,

styrke eller svekke makt i relasjonar (Grue, 2021). Fleire forskarar innan feltet er særleg opptekne av å spore koplinga mellom ord, gramatiske former og retoriske strukturar. Norman Fairclough (1941-) er ein av hovudteoretikarane bak kritisk diskursanalyse. Fairclough analyserar primært tekstar for å kartlegge relasjonen mellom diskurs og samfunn (Fairclough i Skrede, 2017, s.11). Når ein snakker om makt i kritisk diskursanalyse er det ikkje berre den negative makta, dominasjon og undertrykking, men óg usynlege maktstrukturar ein snakkar om. Samfunnet er avhengig av maktstrukturar for å fungere. Likevel er det når makt utøvast slik at det får uheldige følger for nokre sosiale grupper som er det mest interessante i ei kritisk diskursanalyse (Skrede, 2017, s. 28).

4.2 Faircloughs tredimensjonale modell

Fairclough har utvikla og justert tilnærminga si til kritisk diskursanalyse gjennom mange år. Fairclough har utarbeidd ein tredimensjonal modell. Målet med modellen er å foreine tre ulike analytiske tradisjonar; 1) nærlesing av tekst, 2) den fortolkande tradisjonen og 3) den makrososiologiske tradisjonen (Skrede, 2017, s.32). Frå 2003 er omgrepa han nyttar i den tredimensjonale modellen **sosiale hendingar, sosial praksis og sosial struktur**. Sosiale hendingar handlar om å analysere ord og setningar frå eit materiale relativt grundig. Fairclough nyttar Halliday sin systemisk-funksjonelle lingvistikk på det tekstuelle nivået i analysa, men eg har valt ei friare tilnærming til tekstanalysen (Skrede, 2017, s. 30). Sosial praksis handlar om prosessen rundt tekstproduksjon, distribusjon og konsumpsjon (Skrede, 2017, s. 31). Her bygger ein vidare på tekstanalysen frå det første nivået, men det er primært diskursive prosessar over setningsnivå som analyserast (Skrede, 2017, s. 31). Det er óg relevant å sjå på korleis tekstforfattaren nyttar sjangrar og diskursar for å produsere teksten. Sosial struktur handlar om det dialektiske forholdet mellom diskurs og den større sosiokulturelle praksis. Her står forholdet mellom diskurs, makt og ideologi sentralt (Skrede, 2017, s. 32).

I denne bacheloroppgåva handlar sosiale hendingar om å analysere eit utdrag tekst frå temahefte om menn i barnehagen knytt til mangfald. Under sosial praksis vil eg sjå på kven som er tekstskeparar og mottakarar for heftet, kva maktforhald det er mellom dei, og på den kulturelle kapitalen. Under sosial struktur vil eg fokusere mindre på sjølve teksten og heller sjå på kva samfunnsmessige strukturar temaheftet er skriven inn i ved hjelp av Bourdieu sine omgrep habitus og sosialt felt. Eg har her avgrensa meg til å sjå nærare på rammeplanane frå 2006 og 2017 som samfunnsmessig struktur.



Figur 1: Fairclough sin tredimensjonale modell (Thakre, 2019, s.19).

4.3 Validitet og reliabilitet

Det som kan vere fordelen ved å nytte diskursanalyse er at ein ikkje lager kunstige eksperiment, men undersøker materiale som allereie finnast. Ein treng heller ikkje direkte tilgang på respondentar. Teksten eg skal analysere er data som eksisterar uavhengig av meg og som er tilgjengeleg for offentlegheita. Dette er med på å styrke reabiliteten (Skrede, 2017, s. 159). Eg vil gjengje heile avsnittet om mangfald framfor korte oppsummeringar og parafraseringar, det óg er med på å auke reliabiliteten (Skrede, 2017, s.159). Å studere mykje materiale kan bidra til at ein ser heile puslespelet framfor ei enkelt brikke (NTNU, 2018).

Det som kan vere avgrensande i ein diskursanalyse er at ein nyttar materiale som allereie eksisterar som gjer at ein ikkje alltid kan få ei eiga vinkling. Ein kan óg risikere det som vert kalla «cherry-picking» eller «confirmation bias», at ein leiter etter det som stadfester det ein allereie trur (NTNU, 2018). I ei diskursanalyse vert ikkje forskaren ansett som objektiv, men heller som ein del av diskursen. For å kunne analysere ein diskurs, må ein kjenne godt til dei tekstane som er aktuelle før ein byrjar på analysen (Dahl, 2019). Reliabiliteten handlar om etterprøvbarheit, og diskursanalysen i generell forstand er lite etterprøvbar då den fortolkar sosiale fenomen (Skrede, 2017, s. 158). Ein kan heller ikkje anta at sosiale fenomen vil vere statiske og uendra over tid, og ingen studiar som involverer menneskelege aktørar kan reproduserast eksakt, uansett kva metode eller design ein nyttar (Skrede, 2017, s. 159).

4.4 Ethiske retningslinjer

Som forskar må ein ivareta forskningsetiske prinsipp som særleg handlar om informanten sin rett til sjølvbestemming og autonomi, forskaren sin plikt til å respektere informanten sitt privatliv og ansvar for å unngå skade (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.47). I denne oppgåva er det ikkje

informantar, men det er andre omsyn ein må ta. Ein må vere kildekritisk, og eit kildedokument, her temaheftet om menn i barnehagen, er forfatta med bestemt hensikt og innanfor ein gitt kontekst. Temaheftet gjenspeglar dermed ikkje berre den forståinga og kunnskapen som var rådande i opphavssituasjonen, men óg den hensikta som temaheftet var meint å tene (Bergsland & Jæger, 2014, s. 76). Under arbeidet med denne bacheloroppgåva har eg gjennom e-post prøvd å få kontakt med Kunnskapsdepartementet for å svar på følgjande spørsmål om temahefta som vart gitt ut av dei i 2006:

- 1) Kva var tanken bak temahefta?
- 2) Korleis vart forfattarane valt ut?
- 3) Kva tanker har ein om desse hefta i dag?

Eg har per innleveringsfristen for denne bacheloroppgåva ikkje fått svar på spørsmåla mine. Dette er informasjon eg ikkje har klart å oppdrive på anna måte, og som hadde kunne vore nyttig for å forstå meir av konteksten og hensikta med temaheftet.

5.0 Analyse og funn

Ved hjelp av Fairclough sin tredimensjonale modell og Bourdieu sin teori vil eg her presentere mine funn frå analysen av temahefte om menn i barnehagen. Eg presenterer først sjølve temaheftet og funna frå tekstanalysen i punktet sosiale hendingar. Deretter vil eg i punktet sosial praksis seie noko om maktforholdet mellom tekstskapar og mottakar. Til slutt vil eg sjå på kva sosial struktur temaheftet er skriven inn i med særleg fokus på rammeplanane frå 2006 og 2017. Ei utdjuing av funna kjem i drøftingsdelen.

5.1 Sosiale hendingar

På det første nivået i Fairclough sin tredimensjonale modell, sosiale hendingar, vil eg presentere temaheftet om menn i barnehagen. Deretter ei tekstanalyse eg har gjort av avsnittet om mangfald og variasjon i dette temaheftet.

I samband med ny rammeplan for barnehagen (2006) fekk Kunnskapsdepartementet utarbeidd ein serie med ulike temahefter. Temahefta var meint som inspirasjon og grunnlag for refleksjon i arbeid med ulike temaer knytt til barnehagen sitt innhald og oppgåver (KD, 2006, s.5). Dåværande kunnskapsminister Øystein Djupedal understreka i forordet at innhaldet i temahefta står for forfatteren si rekning. Pia Friis er forfattar av temaheftet om menn i barnehagen. Ho er utdanna barnehagelærer og har arbeidd i barnehagesektoren i over 40 år (Cappelen Damm, 2021). I

innleiinga viser Friis til målet om 20% mannlege tilsette i barnehagen, og meiner at ein større andel menn i barnehagen er ein hovudnøkkel til likestilling i barnehagane (Friis, 2006, s.6). Ho skriv vidare at ein må vere merksam på at fleire mannlege tilsette óg kan føre til ei vidareføring av tradisjonell, kjønnsdelt arbeidsdeling. Difor er det både nyttig og naudsynt å nytte temaheftet saman med temaheftet *Likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen* av Nina Rossholt (Friis, 2006, s. 6). Frå no av vil eg nytte nemninga tekstskepar om forfattaren av temaheftet. Når eg har analysert avsnittet om variasjon og mangfald i temaheftet om menn i barnehagen har eg med utgangspunkt i Skrede (2017) sin reiskapskasse leita etter fylgjande:

- Modalitetsmarkørar
- Norminalisering
- Intertekstualitet
- Antagelsar

Eg har valgt ut desse punkta då eg ynskja å gå breidt ut i analysen og vere open for fleire moglege utfall. Avsnittet under er eit direkte sitat og syner eit døme på min framgangsmåte. Mine kommentarar er merka i kursiv, og eg har understreka ulike modalitetsmarkørar som til dømes kan, vil, bør og skal.

Variasjon og mangfold

Et annet aspekt ved å få flere menn inn i personalgruppene, er at det kan åpne for mer bredde og variasjon (+*verdiladd*) i det pedagogiske arbeidet. Mange menn (*generalisering*) har lyst til å gjøre andre aktiviteter med barna enn det som tradisjonelt gjøres, og det kan være klokt å åpne opp for dette (*tilbod – du er uklok om du ikkje gjer dette*). Barnehagens innhold har vært relativt tradisjonelle (-*verdiladd*) i forhold til valg av gjøremål, og valgene har blitt tatt ut i fra kvinners interesser og behov (*generalisering av kvinner*). Når menn begynner i barnehagene blir dette tradisjonelle innholdet utfordret, og det kan være en berikelse (+*verdiladd*) for barnehagen (*antagelse om menn*). En mann som for eksempel har lyst til å lage et snekkerverksted med ordentlig (+*verdiladd*) verktøy og utstyr, kanskje elektrisk verktøy til og med (*sarkasme*), vil kunne gi barna nye utfordringer og utviklingsmuligheter (+*verdiladd*). Det kvinnelige personalet får sjansen til å utvide sin egen kompetanse hvis dette er noe de ikke kan fra før (*antagelse*). For eksempel en mann som vil lage et ballrom fullt av småballer som barn og voksne kan “bade i”. Eller en mannlig

ansatt med kompetanse på film som lager en “skrekk-pedagogisk” film der barna lager manuset og selv spiller rollene i et lite gissel-drama. Dette blir filmet og filmen blir lydsatt med musikk og effekter og det hele blir en ordentlig liten film. (*Stereotyp oppfatning av menn sine interesser. Gjentakning av verdiladd ord – det menn gjer er ordentlig. Tradisjonell kjønnsbasert arbeidsdeling*)

Kvinner kan selvsagt også ha disse ideene og den kompetansen, men (*negativ motsetning*) vi ser likevel ofte når det begynner en eller flere menn i en barnehage tilføres barnehagen noen andre aktiviteter enn det som det kvinnlige personalet pleier å gjøre (*kontrast, generalisering. Antagelse om at aktivitetane som gjerast ikkje er bra nok*). Hva med å kjøpe tohjuls sykler til barna og lage sykkelrace? Kjøpe politiluer og brannhjelmer? Eller kjøpe inn et sett med Batman-figurer? Hva med å dra på pilketur med toåringene? Forslaget om å anskaffe lydanlegg på avdelingen med prosjektor for å vise billedbøker på storskjerm ble avvist, likeså å bestille et abonnement på National Geographic i norsk utgave. Hvorfor? (*Stereotypisk oppfatning av menn sine interesser*)

Spørsmål:

- Kan disse eksemplene på utradisjonelle gjøremål og aktiviteter ha sin plass i en barnehage, og viss ikke, - hvorfor? (*Kjønnsnøytralt spørsmål*)
- Tør vi la menn slippe til (*antagelse om at kvinner må ha kontroll*) å gjøre noe som vi (*personlig pronomer, henvende seg direkte til motaker*) aldri ville ha drømt om å gjøre selv med barna? (- *verdiladd om kvinner*)
- Bruker vi økonomiske argumenter for å avslå forslag om innkjøp og aktiviteter, eller er det andre årsaker som egentlig ligger til grunn? (- *verdiladd om kvinner, skjult agenda*) (Friis, 2006, s. 12-13).

Det er lite bruk av intertekstualitet og manifest intertekstualitet i temahefte. Ein finn nokre referansar bakerst i heftet, men desse er ikkje manifeste.

5.2 Sosial praksis

På det andre nivået av Fairclough sin tredimensjonale modell, sosial praksis, vil eg seie noko om kven som er tekstskapar og mottakar av temahefte, korleis maktforholdet er mellom dei og sjå etter døme på kulturell kapital.

Tekstskaparen av dette heftet er forfattere Pia Friis med Kunnskapsdepartementet som utgjevar. Mottakaren er i hovudsak alle tilsette i norske barnehagar. Det betyr mellom anna styrarar, pedagogiske leiarar, fagarbeidarar og assistentar. Eg har valt å tolke temahefte som ein variant av sakprosa, og ikkje som eigen sjanger. Litterær sakprosa er bøker eller artiklar med namngitte forfattare som vanlegvis vert gjeven ut av eit forlag (Tønnesson, 2019). I den sosiale hendinga frampeikar diskursen om likestilling som særmerkje seg. Argumentasjonen i den sosiale hendinga samsvarer med mangfaldsargumentasjonen menn og kvinner er forskjellige som Kasin & Slåtten (2015) identifiserar i sin artikkel. Tekstskaparen og mottakaren er i eit asymmetrisk maktforhold, og sidan den sosiale hendinga er skriven tekst er det inga moglegheit for å påverke. Tekstskaparen synleggjer sin eigen posisjon i feltet og bygger status når ein syner at ein innehar relevant kulturell kapital.

5.3 Sosial struktur

På det tredje nivået i Fairclough sin tredimensjonale modell, sosial struktur, vil eg seie noko om samfunnsstrukturane den sosiale hendinga er skriven inn i. Dette gjer eg ved å nytte omgrepet habitus, og ved å analysere avsnitt om likestilling frå rammeplanane (2006) og (2017).

Habitus er eit omgrep Bourdieu nyttar for å skildre ein veremåte hos individ eller grupper av individer. Difor vert både individet og gruppa sin habitus styrande for kva slags praksis dei utfører (Tarrou, 2011, s. 125). Tekstskaparen sin habitus seier óg noko makt. Tekstskaparen sit med kulturell kapital innanfor sitt felt og ein kan tenke seg at både kjønn, alder og samfunnsklasse er med på å styre tekstskaparen sin habitus. Mangfaldsargumentasjonen syner kva haldningar tekstskaparen har til menn i barnehagen. Ein har fokus på menn som noko forskjellig frå kvinner, og at dei to kjønna har komplementære eigenskapar. Ved å sjå på dei ulike likestillingsdiskursane og mangfaldsargumentasjonen til Kasin & Slåtten (2015) ser ein at dette óg verkar å vere haldningar som er styrande for barnehagesektoren sin habitus i 2006.

Kva tankar ein har hatt rundt kjønn og likestilling har endra seg med den historiske konteksten, og ulike diskursar har fått ulike konsekvensar i barnehagen (Slåtten, 2013, s. 68). Som ein del av det sosiale feltet har eg valt å sjå nærare på kva føringar som låg då temaheftet vart publisert. I 2006 var det *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* som var gjeldande. Ny rammeplan kom i 2017 og her er det ein del endringar frå den forrige. Rammeplanane er ei utdjuping av lov om

barnehager frå 2006. Ein kan anta at begge rammeplanane speglar dei rådande diskursane om likestilling for sin tidsperiode. Dette er kva rammeplanane frå 2006 og 2017 seier om likestilling:

Rammeplanen (2006):

Likestilling mellom kjønne skal gjenspeiles i barnehagens pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape et likestilt samfunn. Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling mellom de to kjønn. Gutter og jenter skal ha like muligheter til å bli sett og hørt og oppmuntres til å delta i fellesskap i alle aktiviteter i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne holdninger til og samfunnets forventninger til gutter og jenter (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 10)

Rammeplanen (2017):

Barnehagen skal fremme likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremme nestekjærlighet.

Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og ikke-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper et likestilt samfunn. Alle skal ha like muligheter til å bli sett, hørt og oppmuntret til å delta i fellesskap i alle aktiviteter i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne holdninger for best mulig å kunne formidle og fremme likeverd og likestilling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.10)

I 2006 hadde rammeplanen ei forståing av kjønn der ein fokuserte på gutar og jenter. Likestillinga skulle syne seg i barnehagen sin pedagogikk ved at begge kjønna skulle representerast i alle aktivitetar i barnehagen. Dette speglar likestillingsdiskurs 1) likestilling som likskap der ein er opptekne av at gutar og jenter skal gjere det samme, og ein forventar at kjønna går inn på kvarandre sine områder. Avsnittet frå rammeplanen (2017) er på mange måtar meir konkret samstundes som det rommar meir enn rammeplanen (2006). Her ser ein tydeleg at mangfaldsomgrepet har dreia frå å vere konsentrert om dei to kjønna til å romme ei breiare forståing. Personalet skal ikkje lenger berre reflektere over sine egne haldningar til kjønna, ein skal óg formidle og fremje likeverd og likestilling. Eit slikt perspektiv på menn og kvinner til forskjell frå kvarandre har hatt stort innpass i moderne tid. Ei oppfatning av kvinner og menn som nærast to ulike artar er framleis rådande, men er under dekonstruksjon og kritikk (Askland & Rossholt, 2009, s. 88-89).

6.0 Drøfting

I drøftinga vil eg følge same struktur som i analysedelen. Eg vil jobbe meg utover frå det innerste nivået i Fairclough sin tredimensjonale modell til det ytterste. Eg vil óg her nytte meg av teorigrunnlaget som vart presentert tidlegare. I teorigrunnlaget fekk ein innsyn i dei ulike nivåa

likestilling i barnehagen skjer på. Eg har generelt i drøftinga avgrensa meg til å ha eit institusjonsperspektiv på likestilling i barnehagen.

6.1 Sosiale hendingar

I analysedelen fann eg på det første nivået i Fairclough sin tredimensjonale modell at det var lite bruk av intertekstualitet og manifest intertekstualitet i temahefte. Eg vil no komme med ei utdjuping av tekstanalysen.

I den sosiale hendinga er det mykje bruk av påstandar og tilbod. Det er lite beordringar. Ein ser ikkje bruk av norminalisering. Den sosiale hendinga representerer eit premiss om at kvinner er slik og menn er slik, altså at dei to kjønna er forskjellige og har komplementære eigenskapar i tråd med diskursen om likestilling som særmerkje. Ved at ein nyttar antagelsar i den sosiale hendinga antar ein at tekstskaparen og mottakaren har felles ståstad, og på den måten reduserer ein skilnader. Ein ser oftare bruk av positivt verdiladde ord når ein snakker om menn enn kvinner i avsnittet om mangfald. Det er óg stor grad av generalisering, og i dette avsnittet vert mangfald redusert til å handle om biologisk kjønn. I den sosiale hendinga spelar den skjulte argumentasjonen på fornuft (logos) når tekstskapar skriv at:

Mange menn har lyst til å gjøre andre aktiviteter med barna enn det som tradisjonelt gjøres, og det kan være klokt å åpne opp for dette (Friis, 2006, s.12).

Tekstskaparen spelar på kjensler (patos) når ein argumenterer for at fleire menn i barnehagen er ein berikelse for barnehagen, og innforstått alle barna som går i den. Ein kan anta at ein som tilsett i barnehagen ynskjer å gjere kva som er best for barna. Tekstskaparen nyttar språkelege verkemiddel som gjentakning og kontrast for å få fram budskapet. Tekstskapar framstår med truverde og autoritet når Kunnskapsdepartementet står som utgjevar. Utsagn som «kanskje elektrisk verktøy til og med» kan oppfattast som sarkastiske og dermed nedlatande. Eg ser lite intertekstualitet som kan tyde på at dette er ei stabil oppfatning om likestilling og menn i barnehagen. Det er lite bruk av manifest intertekstualitet, og det forsterkar inntrykket om at dette er eit felt som ikkje er i særleg endring. Gjennom tekstanalysen kan ein sjå at språkelege framstillingar av røynda aldri er heilt nøytrale (Veum, 2011, s. 130.) Korleis ein skildrar røynda i analysen er ikkje ei endelig sanning (Veum, 2011, s. 134).

6.2 Sosial praksis

I analysedelen fann eg på det andre nivået av Fairclough sin tredimensjonale modell ut at det er eit asymmetrisk maktforhald mellom tekstskapar og mottakar. Eg hevda óg at tekstskaparen sit på kulturell kapital i barnehagefeltet. Eg vil her sjå på korleis språk, sjanger, argumentasjon, diskursar og kulturell kapital kan bidra til å bygge opp under dette maktforhaldet.

I Noreg er Kunnskapsdepartementet det øverst administrerande leddet i styringskjeda, og utformer lovar og regelverk for alle barnehagar (Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D.Ø & Ludvigsen, K, 2011). At det øverst administrerande leddet står som utgjevar vitnar om eit asymmetrisk maktforhold mellom mottakar og tekstskapar. Mottakaren har inga påverkningskraft då den sosiale hendinga er skriven tekst. Temaheftet er prega av tekstskaparen sitt syn på røynda og dei gjeldande diskursane om likestilling. Såleis kan temaheftet vere med på å danne eit felles bilete av røynda for alle tilsette i barnehagen. Kva ord ein vel i tekst er ikkje tilfeldig, men uttrykkjer strategiske val. Bourdieu ser på språk som den viktigaste reiskapen for å utøve symbolsk makt. Få vil vere ueinige med Bourdiu at språket ofte har denne funksjonen. Det Bourdieu ikkje seier noko om er at språket like ofte kan ha ein diamentral funksjon av den maktkonserverande, nemleg den maktkritiske (Veum, 2011, s.169). I følgje Veum (2011) gjer «språket oss moglegheit til å oppnå avstand til våre sosiale omgjevnader, tenke over dei, diskutere dei, vurdere dei og sjå dei i lys av alternative måtar å leve på [...og] språket kan likegodt nyttast for å avsløre og kritisere makt, noko Bourdieu sjølv illustrerar gjennom sitt intellektuelle virke» (s.169). Slik kan temaheftet vere førande for arbeidet til dei tilsette i barnehagen, samstundes som det kan vere eit spennande utgangspunkt for kritisk diskusjon om likestilling på til dømes eit personalmøte.

I analysedelen fann eg at temaheftet er ein variant av sakprosa. Kva sjanger temaheftet har betyr noko for maktforholdet mellom tekstskapar og mottakar. Sakprosa som sjanger er i vid forstand tekst som mottakaren kan oppfatte som direkte ytringar om røynda (Tønnesson, 2019). Vidare påpeiker Tønnesson (2019) at sakprosa er særleg viktig for demokratiet då ein treng å informere folk om rettigheter og pliktar. I samfunnet vårt treng ein stadig ny kunnskap og nye idear for å utvikle samfunnet. I sakprosaen er det krav om at ein har moglegheit for å kontrollere kva som står i teksten, og ein forventar full etterrettelegheit av til dømes faghistoriske bøker (Tønnesson, 2019).

I den sosiale praksisen er det óg interessant å sjå på kva diskursar ein kan sjå att i den sosiale hendinga, og kva argumentasjon ein nyttar. I den sosiale hendinga frampeikar diskursen om likestilling som særmerkje seg. Ein forventar at kjønna skal ha komplementære eigenskapar, og

ulikskap i interesser vert vurdert som positivt. Det at ein har eit eige temahefte for å rekruttere og behalde menn i barnehagen tyder likevel på at mangfaldet reduserast til å handle om to motsette kjønn.

Argumentasjonen i den sosiale hendinga samsvarer med mangfaldsargumentasjonen menn og kvinner er forskjellige som Kasin & Slåtten presenterer i artikkelen *Likestilt eller forskjellige?*. I den sosiale hendinga vert mangfald redusert til å handle om biologisk kjønn, og kjønn er ein viktig kategori når ein tenkjer på mangfald. Ein veit at det til dels er store skilnader i korleis kvinner og menn lev liva sine. Desse skilnadane ser ein igjen i barn sin leik, ungdom sitt utdanningsval, arbeidsfordeling i heimen og kven som har toppleiarstillingar (Larsen & Slåtten, 2019, s. 52). Mangfald er difor både synleg og ikkje synleg. For at mangfald skal vere noko positivt kan ein hevde at alle må oppleve å vere inkludert eller har ein plass i samfunnet. Barnehagen skal vere mangfaldig og inkluderande, uansett om du er kvinne eller mann, og uavhengig av kva utdanning eller økonomi du har. Samstundes utfordrar mangfald oss. Skilnader fordrar toleranse, respekt og forståing for andre sine verdiar og normer, val, levemåter og tradisjonar (Larsen & Slåtten, 2019, s. 64).

Kva kulturell kapital ein sit med seier og noko om kva makt ein har. Tekstskaparen syner i temaheftet at ein har kapital i feltet, her barnehagen, når ein nyttar omgrep som krev kunnskap for å kunne forstå dei. Dette kan vere omgrep som til dømes «bredde og variasjon i det pedagogiske arbeidet». Tekstskaparen syngleggjer sin eigen posisjon i feltet og bygger status når ein synleggjer at ein innehar relevant kulturell kapital. For mange har det vore eit mål at det skal tilsettast fleire menn i barnehagen, og dette vert sett på som eit viktig tiltak for kjønnslikestillinga. Å tilsette menn i barnehagen vert trekt fram som eit tiltak for å skape meir bredde og variasjon i det pedagogiske arbeidet (Friis, 2006, s. 12).

Bourdieu viste til at ein kan forbetre sin posisjon i det sosiale feltet ved å tileigne seg mest mogleg kapital. Tekstskaparen kan hevdast å sitte på mykje kapital når ein vert valt ut som forfattar av temahefte, og ein tek det for gitt at denne personen sit på mykje kunnskap om tema menn i barnehagen. Men ei slik framstilling kan ofte verte einsidig. Om ein ser forbi medieopplaga så kan ein finne forskning som syner at fleire menn ikkje medfører mindre tradisjonelle kjønnsforventningar til barna, og det fører ikkje til at kvinnlege og mannlege tilsette gjer dei samme oppgåvene i barnehagen (Larsen & Slåtten, 2019, s. 74). Eit av hovudargumenta som går igjen for betre kjønnsfordeling blant personalet i

barnehagen handlar om å berike mangfaldet (Askland, 2015, s. 56). I visse tilfeller vil dei ulike aktørane i barnehagen vere uenige om ei sak, men likevel inngå i ein felles diskurs. Motsatt, som det verkar å vere i her, er alle einige om konklusjonen men argumentasjonen synast gjennom forskjellige diskursar (Hammer, 2017, s. 118).

6.3 Sosial struktur

I analysedelen fann eg på det tredje nivået i Fairclough sin tredimensjonale modell at kva tankar ein har hatt rundt kjønn og likestilling har endra seg med den historiske konteksten, og dei ulike diskursane har fått ulike konsekvensar i barnehagen. I det sosiale feltet såg eg nærare på kva føringar som låg i rammeplanen for likestillingsarbeidet i barnehagen i 2006 og 2017.

Kva tankar ein har hatt rundt kjønn og likestilling har endra seg med den historiske konteksten, og ulike diskursar har fått ulike konsekvensar i barnehagen (Slåtten, 2013, s. 68). I tråd med kvinnekampen i samfunnet på 1970-talet bryja ein å fokusere på likestillingsarbeid i barnehagen (Askland & Rossholt, 2009, s. 56). Vidare utover på 80-talet vart det viktig å synleggjere jentene meir, og gje gutane moglegheit til å vise nærleik og omsorg (Askland & Rossholt, 2009, s. 56). Desse forståingane av likestilling har blitt kritisert og no har ein ei meir kompleks forståing av likestilling der ein har større fokus på likeverd (Askland & Rossholt, 2009, s. 57). Slik kan ein óg tenke seg at barnehagefeltet sin habitus har vorte endra med den historiske konteksten. Noko som vert styrande for barnehagefeltet sin habitus er kva føringar som ligg for likestillingsarbeidet. Slike føringar er det sentralt å sjå på i Bourdieu sitt sosiale felt.

I Barnehagelova §2 finn ein at:

omsorg, oppdraging og læring i barnehagen skal fremje menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling (Barnehageloven, 2006, §2).

I Noreg er likestilling mellom kjønna eit demokratisk prinsipp som barnehagen må ta utgangspunkt i når det skal utformast årsplanar og kompetanseplanar (Askland & Rossholt, 2009, s. 20). Barn skal verte behandla likestilt i barnehagen, og dei skal óg oppleve personalet som likestilte (Larsen & Slåtten, 2019, s. 83). Det betyr mellom anna at barn observerer at det er mange måtar å vere kvinne på og mange måtar å vere mann på. Dei tilsette kan ta ansvar for å ikkje gå inn i dei tradisjonelle rollene ved å vise barn at begge kjønn kan gjere alle slags oppgåver (Larsen & Slåtten, 2019, s. 83). Barn utviklar kjønnsidentitet allereie når dei er to-tre år, og det gjer at barnehagelæraren har eit stort ansvar for å bidra til at barn utveklar sin kjønnsidentitet uavhengig

av tradisjonelle rolleoppfatningar og stereotypiar (Larsen & Slåtten, 2019, s. 83). I likskap med andre juridiske og politiske vedtak har det statlege og kommunale nivå få sanksjonsmoglegheiter dersom ein ikkje føl opp målet om auka likestilling mellom kjønna (Askland & Rossholt, 2009, s. 19). Dette kan bidra til at barnehagen ikkje prioriterar å arbeide med likestilling, og at likestillingsarbeid vert redusert til berre å vere eit avsnitt i årsplanen.

Ein kan anta at rammeplanen som utdjuping av barnehagelova speglar dei rådande diskursane om likestilling for sin tidsperiode. Begge rammeplanane nyttar modalitetar som *skal* og legg såleis føringar for haldningane til dei tilsette i barnehagen. Samanliknar ein dei to kan ein sjå at barnehagen i følge rammeplanen (2017) ikkje lenger skal oppdra barn, men fremje likeverd og likestilling. Likestilling som omgrep kan forståast på ulike måtar. Mange får assosiasjonar til omgrepet likskap, medan andre tenkjer på likeverd. Her er det ein viktig forskjell. Dersom ein tenkjer på likestilling som likeverd opnar ein opp for å vere forskjellige (Larsen & Slåtten, 2019, s. 82). Likeverd er å godta kjønnsforskjellar, men samstundes sjå mennesker som like mykje verd. I eit maktperspektiv betyr det at likeverd, men ikkje likestilling, er å godta at kvinner og menn ikkje har like mykje makt i samfunnet (Larsen & Slåtten, 2019, s. 82).

Begge rammeplanane syner ei handlingsnorm som vektlegg kva dei tilsette gjer, og ikkje primært kva kjønn dei har. I artikkelen *Likestilt og forskjellig?* Tyder utsagna til fleire av informantane på det motsette; at fokus på kjønn sitt særmerkje kan skjule det praktiske aspektet ved likestilling i barnehagen sin pedagogikk. Når kjønn til dei tilsette i seg sjølv er relevant, kan innhaldet i pedagogikken, korleis ein konkret handlar ovanfor barn, komme i bakgrunnen. Mange kvir seg for å sjå på likestilling som likskap, for det er forskjell på menn og kvinner (Kasin & Slåtten, 2015, s. 9). Om ein greier å fjerne seg frå ei streng todelt kjønnsoppfatning i barnehagen kan det bidra til å skape større mangfald. Ein meir mangfaldig kjønnsstruktur kan gjere det vanskelegare å knyte kjønn til sosial maktstruktur, og på den måten kan det bidra til større sosial likskap (Larsen & Slåtten, 2019, s. 83). Som tilsett i barnehagen skal ein sjå på mangfald som noko positivt. Det ein i mindre grad reflekterer over er korleis dei tilsette sine handlingar ovanfor barn likevel kan bidra til at stereotype kjønnsroller bekreftast. På den måten kan det verke som at ei motvilje mot å tenke likestilling i barnehagen djupast sett kan handle om eit krav om å etablere likare forventningar til gutar og jenter (Kasin & Slåtten, 2015, s.9).

7.0 Oppsummering

Språk er med på å oppretthalde maktforhold i samfunnet, dette gjeld óg for barnehagen. Røynda er prega av makt og meiningar som syner seg gjennom diskursar. Ved å identifisere desse diskursane får ein moglegheit til å kritisere dei. Denne oppgåva har sett på korleis eit utdrag frå «Temaheftet om menn i barnehagen» kan vere med på å naturalisere og fremje kva tankar ein har kring argumentasjonen for fleire menn i barnehagen. Som offentleg, barnehagefagleg dokument er temaheftet klart førande for likestillingsarbeidet i barnehagen.

I teoridelen har oppgåva sett på dei tre likestillingsdiskursane 1) likestilling som likskap, 2) likestilling som utjamning av maktforskjellar og 3) likestilling som særmerkje identifisert av Nordberg (2005). Kasin & Slåtten (2015) har synt at når ein argumenterar for meir mangfald i det pedagogiske arbeidet er det særleg to argument som går igjen: argument 1) handlar om at kvinner og menn er forskjellige, medan argument 2) handlar om å overskride kjønnskiljer. Bourdieu sine omgrep habitus, kulturell kapital og sosialt felt har blitt nytta for å sette temaheftet om menn i barnehagen inn i ein større sosial samanheng.

Fairclough sin tredimensjonale modell er nytta for å analysere temaheftet om menn i barnehagen på tre nivå; sosiale hendingar, sosial praksis og sosial struktur. I den sosiale hendinga frampeikar diskursen om likestilling som særmerkje seg gjennom ei tekstanalyse. Ein forventar at kjønna skal ha komplementære eigenskapar, og ulikskap i interesser vert vurdert som positivt. At ein har eit eige temahefte for å rekruttere og behalde menn i barnehagen tyder likevel på at mangfaldet reduserast til å handle om to motsette kjønn. I den sosiale praksisen har ein sett på det asymmetriske maktforholdet mellom tekstskapar og mottakar, og at tekstskapar gjennom sin habitus og kulturelle kapital har stor påverknadskraft på dei tilsette i barnehagen. I den sosiale strukturen har ein sett på rammeplanen frå 2006 som var førande då temaheftet om menn i barnehagen var given ut, og samanlikna den med rammeplanen frå 2017. Slik det vert forstått i denne oppgåva er mangfaldsargumentasjonen for fleire menn i barnehagen sterkt knytt opp mot kjønn og ei forståing av menn og kvinner som ulike med komplementære eigenskapar. Når kjønn til dei tilsette i seg sjølv er relevant, kan innhaldet i pedagogikken hamne i bakgrunnen.

Analysa og drøftinga vitnar om eit asymmetrisk maktforhold mellom mottakar og tekstskapar. Temaheftet er prega av tekstskaparen sitt syn på røynda og dei gjeldande diskursane om likestilling. Slik kan temaheftet vere med på å danne eit felles bilete av røynda for alle tilsette i barnehagen. Samstundes kan temaheftet óg ha ei maktkritisk rolle. Det kan det få ved at tilsette i

barnehagen får moglegheit til å tenke over, diskutere, vurdere og sjå argumenta for fleire menn i barnehagen i eit alternativt perspektiv.

Litteraturliste

Askland, L. (2015). *Større rom for jenter og gutter: å utvikle en kjønns sensitiv pedagogikk i barnehagen*. Kommuneforlaget.

Barnehageloven. (2006). Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64). Henta frå:
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=Barnehagelova>

Bergsland, M. & Jæger, H. (2014). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Cappelen Damm Akademisk

Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D.Ø & Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen*. Fagbokforlaget

Cappelen Damm. (2021, 12.04). *Pia Friis*. Cappelen Damm.
<https://www.cappelendamm.no/forfattere/Pia%20Friis-scid:43110>

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2018). *Forskningsmetode for lærerutdanningene* (2.utg). Abstrakt forlag

Dahl, Ø. (2019, 10.01). *Diskursanalyse*. Nasjonal Digital Læringsarena.
<https://ndla.no/subject:18/topic:1:193544/topic:1:82742/resource:1:82771?filters=urn:filter:b9e86c43-93b8-49e9-81af-09dbc7d79401>

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Gyldendal Akademisk

Enghaug, S.H. & Elveos, B. (2018, 22.03). Flere mannlige ansatte er best for barna. *Nærnett.no*.
<https://www.nerrett.no/artikler/nyhende/menn-barnehagen>

Emilsen, K. (2015). *Likestilling og likeverd i barnehagen*. Fagbokforlaget

Fagervold, E. (2016, 10.03). JA til flere menn i barnehagen. *Dagsavisen.no*.
<https://www.dagsavisen.no/nyheter/innenriks/2016/03/10/ja-til-flere-menn-i-barnehage/>

Forskning.no (2018, 10.01). Menn i barnehage gir flinkere skolebarn. *Forskning.no*.
<https://forskning.no/pedagogiske-fag-barn-og-ungdom-skole-og-utdanning/menn-i-barnehage-gir-flinkere-skolebarn/297202>

Grue, J. (2021, 25.01). Diskursanalyse. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/diskursanalyse>

Hammer, S. (2017). *Focault og den norske barnehagen: introduksjon til Michel Foucaults analytiske univers*. Fagbokforlaget

Kasin, O. & Slåtten, M.V. (2011). Menn som forskjell og forskjellige menn. Rekruttering av menn til barnehage. *HiO-rapport 2011 nr 9*. Høgskolen i Oslo

Kasin, O. & Slåtten, M.V. (2015). Likestilt og forskjellig? Om menn og likestilling i barnehagen. *Nordisk barnehageforskning nr 9*. <https://doi.org/10.7577/nbf.1212>

Kunnskapsdepartementet (2006). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Kunnskapsdepartementet

- Kunnskapsdepartementet (2010). Nye barnehager i gamle spor? Hva vi gjør, og hva vi tror. Status for likestillingsarbeidet i norske barnehager 2010. https://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/forskning_og_statistikk/rapporter/nye_barnehager_i_gamle_spor_2010.pdf
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen: innhold og oppgaver*. Utdanningsdirektoratet
- NTNU lectures (2018, 19.12). *Litteraturstudie som metode* (video). YouTube. <https://youtu.be/KF3PtpaDsm8>
- Ramslien, M., Gitlestad, S. & Håndlykken, G. (2004). Kvinnekongens kurs i diskursanalyse. *Diskursanalyse*. <https://diskursanalyse.wordpress.com/11-begrepsapparatet-i-diskursteorien/>
- Statistisk sentralbyrå. (2019). 09344: *Ansatte i barnehager, etter barnehagens eierforhold, ansattes stillingstyper og kjønn (K) 2000-2019* [Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/09344>
- Tarrou, A.H. (2011). Tolkning av tekster i et Bourdieu-perspektiv. I Tove Berg og Pål Henning Bødtker Walstad (Red.), *Om å tolke og forstå tekster* (123-132). Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Thakre, S. (2019). *Kunstsiloen som ingen kunne målbinde: En kritisk diskursanalyse av Kunstsilodebatten i Fædrelandsvennen*. [Masteroppgave, Universitetet i Agder]. Docplayer. <https://docplayer.me/180775828-Kunstsiloen-som-ingen-kunne-malbinde.html>
- Thoresen, I.T. (2015). *Barnehagelæreren: profesjon, politikk og forskning*. Cappelen Damm
- Tønnesson, J. (2019, 16.07). Sakprosa. *Store norske leksikon*. <https://snl.no/sakprosa>
- Veum, A. (Red.). (2011). *Diskursanalyse i praksis: metode og analyse*. Høyskoleforlaget.